

Harald Normann Nilsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1925 - 14/5795

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

17.03.2014

## Svar på spørsmål vedk oppføring av mur - gbnr 134/450 Hilland

Teknisk drift har motteke e-post med spørsmål om retningslinjer vedkommande krav til avstand mellom tiltak og offentleg leidningsnett. I Lindås kommune er det vedteke at krav til avstand mellom tiltak og offentleg leidningsnett skal være minimum 4.0m. Dersom ein ønskjer å setje opp tiltak nærare leidningsnett enn dette, må ein søkje dispensasjon. Teknisk drift har, i enkelt tilfelle, godkjent avstand på minimum 1.0m. Føresetnad har da vært at tiltak kan fundamenterast på fast fjell. Krav til fundamentering skal sikre at mur ikkje rasar ut ved arbeid på leidningsnett. Ved ei slik plassering fråskriver kommunen seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak i samband med drift og vedlikehald av leidningsnett.

Teknisk drift ser at mur kjem i konflikt med regulert byggegrense. Det må søkast om dispensasjon frå byggegrense mot veg. Teknisk drift kan tillate at mur vert sett opp med ei avstand på minimum 1.0m frå innar kant fortau. Føresetnad vil være at mur vert sett opp på privat grunn og at den vert forsvarleg fundamenterert. Ved ei slik plassering vil kommunen også fråskrive seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunal veg/veggrøft.

Før teknisk drift kan ta stilling til plassering av mur, må det sendast inn meir informasjon vedkommande utføring av muren (betongmur, tørrmur, fundamentering osv.). Det må sendast inn søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett og byggegrense mot veg. I søknadene må det søkjast om spesifikke avstandar (minste avstand). Det må leggest ved situasjonskart (med VA data) som viser plassering av mur i forhold til kommunalteknisk anlegg. Det må også leggest ved lengdesnitt. Ved plassering av mur må ein ta omsyn til siktsone i vegkryss.

Søknad om dispensasjon frå avstandskrav til leidningsnett vert handsama av teknisk drift. Søknad om dispensasjon frå byggegrense vert handsama i byggesaka.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Post**

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**

Siril Therese Sylta

**Mottakarar:**

Harald Normann Nilsen